

Saksprotokoll i fylkestinget - 11. og 12.12.2018

Interpellasjon frå Schau Johansen (H) – raudspritbaserte kokeapparat i skulesamanheng i HFK

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesrådmannen har spurt nokre skular i fylket som tilbyr idrettsfag og friluftsliv. Ingen av desse skulane nyttar i dag raudspritbaserte stormkjøkken/ kokeapparat. Nokre har nytta det tidlegare men har slutta med det då dei vart kjende med at det har vore ulukke ved bruk av denne type stormkjøkken/kokeapparat.

Fylkesdirektør for opplæring kan gå ut med eit allment påbod om ikkje å nytte raudspritbaserte stormkjøkken/kokeapparat dersom det er ynskje om dette.»

Det vart teke opp til røysting om å setja saka på sakskartet.

Røysting

Det vart samrøystes vedteke å setja saka som ny sak på saklista.

Vedtak

Saka vert satt på sakskartet.